

Frå 4-setar til 2-setar

I vinter og utover våren har Atle og Terje hatt dugnad på utedoen. Bygget var skeivt fordi dei nedste hjørnestolpane var rotne, og sjølve dobenken måtte fornyast. Når det seinare i år skal gjerast arbeid på våningshuset (m.a. legge om taket for å få det tett), må vi naturlegvis ha tilfredsstillande «avtrede» for arbeidsfolket.

Doet vart retta opp ved å bruke kjettingtalje og ein biljekk. Dermed vart det råd å kappe vekk den delen av hjørnestolpane som var rotne, og å bygge på muren under slik at bygget vart i lodd.

Sjølve dobenken hadde Atle laga ny heime. I høve til den gamle 4-setaren må den nye 2-setaren seiast å vere eit møbel. Dobenken er innsett med linolje slik at reinhaldet skal bli enklare. Det er også på plass sagflis og dopapir, så no er alt klart for «trengande».

Likevel er det endå arbeid som må gjerast på dobygget før det kan seiast ferdig. Taktrodet og mykje av kledninga må skiftast, og det må leggest til litt heller på golvet og utanfor.



Slik var tilstanden, både ute av lodd og litt «vridd».



Her dreg Atle bygget rett ved å bruke kjettingtalje.

I tillegg måtte ein biljekk nyttast på nedsida for å rette opp bygget.

Så var hjørnestolpane kutta til frisk ved, og mur lagt opp i nødvendig høgde.



Den gamle 4-setaren måtte vike plass for ein litt meir moderne 2-setar.

